



Innspel til budsjett 2026 frå FAU Bykle barne – og ungdomsskule

Stadutvikling Bykle og Hovden

Det er sett av midlar til stadutvikling i begge våre bygder. Me ber politikarane ta med seg desse innspela:

Bykle

Nytt sentrumsbygg:

- Om det blir vedteke nytt sentrumsbygg i Bykle er det viktig å forlenge 60 – sona.

Fleirbrukshus/hall i Bykle

- Det er viktig å bevare symjehallen i Bykle
- Bykle treng ein møteplass og håper det nye planlagde bygget tek omsyn til eit slik ynskje
- Eit større styrkerom og spinningrom er eit stort ynskje

Hovden

Det er viktig å ikkje gløyme trafikktryggleiken når det er sett av midlar til sentrum Hovden. Me minner om:

- Krysning av veg frå Stussli over til busstasjon
- Eit behov for undergong, eller trygg krysning lenger nord på RV9

Generelt

Det er utroleg viktig å satse på friviljuge lag og organisasjonar i vår kommune. Det er då viktig at Bykle kommune beheld kulturmidlane i si noverande form. Dei skapar ein levande kommune.

Me håpar og at politikarane stør opp om fellesaktivitetar i regi av til dømes idrottslaga.

FAU 10.11.2025



«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Vår ref:
2017/325-63

Sakshandsamar:
Caroline Rysstad
Caroline.Rysstad@bykle.kommune.no

Dato:
06.11.2025

Referat frå møte i samarbeidsutvalet eining barnehage

Møteleiar og referent: Caroline Rysstad
Møtedato og stad 04.11.2025 kl 1800-1930 i Bykle barnehage

Deltakarar:

Monica Wathne, Arne Homme vara , Gyri Bjåen, Marie Tjomsaas Johanssen, Per Øyvind Asbjørnsen
Fråfall: Laila Johnsen Kjær vara: Thor Bernhard Sagland

Referat:

Sak 1/25-26: Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak:

Einstemmig vedteke

Sak 2/25-26: Konstituering av samarbeidsutvalet

Vedtak

Marie Tjomsaas Johanssen blei valt til leiar og Gyri Bjåen nestleiar for barnehageåret 2025-2026;

Sak 3/25-26: Informasjon frå eininga

Tatt til informasjon:

Tenesteleiar informerte samarbeidsutvalet om dagleg drift, barnetal, inntak, tilsette og anna relevant.

Det er 38 barn/ 58 plassar i Fjellgardane barnehage. 1 barn under tre år tel to plassar. I Bykle barnehage er det 9 barn/14 plassar.

Ein er no innafor på pedagog- og bemanningsnorm, men ved 2 plassar til i Fjellgardane barnehage og 1 plass til i Bykle barnehage løyser det ut ein pedagogisk leiar til på kvar plass. Det kan skje over nyttår med opptak heile året. Ein har barnehagelærarar i begge barnehagar som kan tre inn som pedagogisk leiar ved behov.

Det har vore noko sjukdom i haust, det vere seg smittsame sjukdomar som råkar både barn og tilsette. Ein set inn vikar ved sjukdom. I tillegg strekker dei tilsette seg langt for barnas beste.

Det har vore fokus på tilvenning og det å bli trygg i barnehagane no i haust. Ein skal i begge barnehagane ha ekstra fokus på lek dette året. Vi har ein barnehagebasert vurdering (tilsyn) gåande innafor det temaet og kompetansehevinga frå våren 2026 og haust 2027 vil gå på inkludering, der lek er ei viktig rolle.

Sak 4/25-26: Budsjett 2026 eining barnehage

Vedtak:

Samarbeidsutvalet i barnehagane stør samrøystes kommunedirektørens framlegg til budsjett for 2026 og gebyrliste.

Med helsing
Bykle kommune

Caroline Rysstad
tenesteleiar barnehage

Brevet er elektronisk godkjent og vert sendt utan underskrift.

Kopi til:
Ann Ebeltoft